



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 49

(2004–2005)

Om løyve til overføring av vatn gjennom bygging av ein tunnel mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 18. mars 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

1.1 Olje- og energidepartementet sin proposisjon

Olje- og energidepartementet legg med dette fram proposisjon til Stortinget om å gje løyve til å føre vatn mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet i Øvre Ottavassdraget i Skjåk kommune i Oppland.

1.2 Bakgrunn for proposisjonen

Ved kongeleg resolusjon 8. juni 2001 fekk Opplandskraft DA og Tafjord kraftselskap AS konsesjon til å byggje Framruste og Øyberget kraftverk i Skjåk kommune. Konsesjonen vart gjeven med bakgrunn i ein planendringssøknad i samband med den saka som vart handsama i Stortinget i juni 1999, jf. St.meld. nr. 50 (1997–98) og Innst. S. nr. 200 (1998–99).

Kraftverka er planlagt gjort ferdige i 2005. Øyberget kraftverk vil nytte begge reguleringsmagasina, medan Framruste kraftverk berre vil nytte driftsvatn frå Raudalsmagasinet.

Ei overføring av vatn frå Breidalsmagasinet til Raudalsmagasinet via tunnel vil gjere det mogleg å nytte Breidalsmagasinet og i Framruste kraftverk. Prosjektet vil gje om lag 125 GWh/år ny kraft. Overføringa vil gje om lag 20.000 innvunne na-

turhestekrefter (nat.hk.). I tillegg til betre utnytting av vassressursen vil overføringa medverka til ei litt forbetra flaumdemping i Ottadalføret.

Sidan Stortinget i 1999 handsama ein større søknad om kraftutbygging i Øvre Otta, legg Olje- og energidepartementet den omsøkte overføringa fram for Stortinget i medhald av vassdragsreguleringslova.

1.3 Konsesjonssøkjaren

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) er ei brukseigarforeining stifta med basis i § 9 i vassdragsreguleringslova. GLB er ansvarleg for 26 reguleringar og overføringar i Glomma og Lågen-vassdraget. Medlemane i foreininga er kommunale, fylkeskommunale og private kraftselskap som til saman produserer om lag 10 TWh i eit gjennomsnittleg år.

1.4 Søknaden

GLB har søkt om løyve til å overføre vatn mellom to magasin som har vore regulert for kraftproduksjon sidan tidleg på 1940-talet i Skjåk kommune i Oppland. Overføringa føreset tidvis pumping av vatnet frå Breidalsvatnet som følgje av innbyrdes ulike kotehøgder for høgaste og lågaste regulerte vasstand (HRV og LRV) i dei to magasinane. Det

omsøkte prosjektet gjer det ikkje naudsynt med endring av eksisterande reguleringskonsesjonar for Breidalsvatnet og Raudalsvatnet.

Det er naudsynt med løyve etter vassdragsreguleringslova for overføringa.

2 NVE si innstilling dagsett 21. desember 2004

2.1 Innleiing

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) la fram si innstilling i saka 21. desember 2004. Innstillinga er omfattande, og følgjer difor denne stortingsproposisjonen som uttrykt vedlegg. Søknaden frå GLB og konsekvensutgreiinga er teken med i NVE si innstilling. I dei høve departementet viser til NVE si innstilling, er det dette vedlegget det vert vist til. I punkt 2.2 nedanfor er NVE si vurdering og konklusjon teken ordrett inn slik dei går fram av innstillinga til departementet.

NVE si innstilling ligg i sin heilskap på følgjande internett-lenke: <http://odin.dep.no/oed/>, under «Dokumenter» og underkapitel «Proposisjoner og meldinger».

2.2 NVE si vurdering

2.2.1 Omsøkt overføring

Offentlege fagstyresmakter går inn for eller har ikkje vesentlege innvendingar mot omsøkte prosjekt. Fleire av dei nasjonale interesseorganisasjonane og nokre lokale interessentar går i mot overføringa, og grunnjev dette med at den samsvarar med ein del av utbyggingsplanen som Stortinget vurderte og tok ut av prosjektet då dei handsama kraftutbygging i Øvre Otta i 1999.

Når det gjeld organisasjonane sitt syn på at NVE ikkje burde ta saka opp til handsaming viser vi til at saka er oversendt frå OED der NVE vert beden om å ta saka opp til ordinær handsaming.

Omsøkte overføring skil seg etter vår vurdering både teknisk og inngrepsmessig frå den overføringa som Stortinget hadde til handsaming i 1999. Overføringa som no blir fremja er avgrensa til tapping av vatn mellom magasina i Breidalen og Raudalen utan inntak av andre elvar. Overføringstunnelen som låg til grunn i 1999 hadde inntak av fleire større elvar mellom dei to magasina i tillegg til samankopling med ein tunnel som drenerte fleire elvar på nordsida av Ottaelv. Tunnelen med vatn frå Breidalen saman med «nordoverføringa» var planlagt kopla direkte til dåverande Glitra kraftverk utan magasinering i Raudalsvatnet. NVE ser på føreliggande søknad som eit tiltak med vesent-

leg mindre inngrep og anna teknisk løysing enn tunnelalternativet som vart handsama i 1999.

Dette inneber etter vår vurdering at overføringstunnelen ligg innanfor ramma av utbyggingsalternativ VA som vart plassert i Samla plan kategori I ved rulleringa i St. melding nr. 60 (1991–92).

Vidare er primærformålet med overføringa ei optimalisering av eksisterande reguleringar gjennom kraftverka som er under utbygging i Øvre Otta. Etter NVE sitt syn vil prosjektet gje ei energimessig betre utnytting av eksisterande utbyggingar og meir effektiv ressursbruk enn å gjennomføre nye utbyggingar i urørte og lite påverka område.

Overføring som omsøkt er berre mogleg å realisere fullt ut gjennom at ein del av vatnet vert pumpa inn i Raudalsvatnet ettersom HRV i dette magasinet har høgare kotenivå enn i Breidalsvatnet. Oppunder 50 % av tilsiget vil bli pumpa over i Breidalsvatnet. Pumpestasjonen vert plassert i fjell og gjev åleine ikkje nye inngrep som er avgjerande for omfanget av prosjektet.

2.2.2 Vassføring

Omsøkte overføring vil medføre endra vassføring i Ottaelva mellom Breidalsvatnet og Pollvatnet. Dagens median vassføring i vinterhalvåret like nedstraums dammen i Breidalsvatnet (samanlaupet Otta/Måråe) er 7,2 m³/s. Denne vil bli redusert til 1,6 m³/s. Om sommaren vert vassføringa på same staden redusert frå 22,2 til 12,7 m³/s. I nedre del av den berørte elvestrekning ved Pollfoss går median vassføring om vinteren ned frå 9 m³/s til 3,4 m³/s, og om sommaren frå 59,4 m³/s til 49,9 m³/s.

Den merkbare endringa i vassføringa vil vere knytt til vintervassføringa ved at den tappinga som har føregått i elveleiet dei siste 60 åra blir overført til Raudalsvatnet. Overføringa medfører at vintervassføringa mellom Breidalsvatnet og Pollfoss vil nærme seg den naturlege vassføringa vinterstid før reguleringa i 1942.

Samanlikna med dagens situasjon vert det færre overløpssituasjonar frå Breidalsvatnet på ettersommaren/hausten som tilfører vatn til Ottaelv. Etter NVE si oppfatning vil endringa i vassføringa ikkje vere av eit slikt omfang at det oppstår skader eller ulemper for landskapsopplevinga eller fisk og fiskeinteresser. Måråe med ei middelvassføring på 3,2 m³/s har samanlaup med Ottaelva like nedstraums dammen i Breidalsvatnet. Både under snøsmelting og på ettersommaren vil elva med brefelt tilføre øvre del av Ottaelva eit viktig vasstilskot. Frå Grotlivatnet og austover drenerer fleire større sideelvar som Vulu og Tora/Føysa til Otta-

elv. Nede ved Vuluvatnet vil sommarvassføringa ligge i storleiksorden 23 m³/s etter ei overføring. Etter vårt syn vil det naturlege restfeltet saman med innsjøane nedover vassdraget oppretthalde ei tilstrekkeleg og varierende sommarvassføring som ivaretek omsynet til landskapet og fisk i vassdraget. I forhold til dagens vassføringssituasjon om sommaren vil overføringa medføre små endringar i vassføringa utover at vatn frå overløpssituasjonar i Breidalsvatnet blir borte frå Ottaelva om sommaren og hausten. Den pålagde minstevassføringa på 300 l/s forbi dammen vert oppretthalde og vil sikre vasspegelen i kulpane ned til samanløpet med Måråe.

Overføringa vil medverke til ei litt forbetra flaumdemping i Ottadalføret. Den reduserte vintervassføringa i Ottaelva mellom Breidalsvatn og Pollfoss gjev ein positiv lokalklimatisk verknad.

2.2.3 Regulering av magasin

Både reiselivsbransjen og brukarar av området ved Grotli er opptekne av endringar i vasstanden og vasstands nivået i Breidalsvatnet om sommaren og hausten.

Dei eksisterande reguleringane og reguleringsgrensene i Breidalsvatnet og Raudalsvatnet er ikkje søkt endra i samband med overføringa. For vasstanden i vatna vil overføringa i hovudsak påverke tidspunkt for fylling og nivået i øvre del av reguleringsområdet.

Ved sida av å utnytte vatnet frå Breidalsmagasinet også i Framruste kraftverk har overføringa som siktemål å utnytte reguleringane betre gjennom å minske flaumtapet. For Breidalsvatnet med ei regulering på 13 m er det foreslege ein flaumbuffer i magasinet på 1 m. I dagens situasjon vert magasinet i hovudsak fyllt nær opp under HRV utover sommaren og blir liggande på dette nivået inntil tappinga startar om hausten.

I utgangspunktet vil ein konsesjonær relativt fritt kunne regulere magasinet innanfor reguleringshøgden med mindre manøvreringsreglementet har fastsett tidspunkt for oppfylling eller andre restriksjonar for manøvreringa. For Breidalsvatnet ser NVE det slik at det har etablert seg ein praksis med vasstand tilnærma lik HRV utover sommaren og hausten som gjev eit tiltalende landskapsbilde og lett tilkomst til vatnet for brukarane. Overføringa vil medføre ei noko seinare oppfylling utreknar til i gjennomsnitt om lag 10 dagar. Talet må vurderast som retningsgjevande for den forseinka oppfyllinga sidan den vil vere betingd av snømagasinet og -smeltinga. Vi meiner at ei forseinka oppfylling i høve til dagens situasjon på

mellom 1 til 2 veker må kunne aksepterast etter som bruken av vatnet til fisking og fritidsformål byrjar når vatnet nærmar seg oppfylt tilstand og vasstemperaturen er raskt stigande etter avslutta snøsmelting. Det vil vere naturleg at det blir tilrettelagt for at så stor del som mogeleg av vatnet vert overført med gravitasjon. Vidare vurderer vi at å halde vasstanden inntil 1 m under HRV gjev små/ubetydlege skader og ulemper for landskapsbiletet og brukerinteressene. Eit vasstands nivå noko under HRV vil redusere flaumtapet og gjere det mogleg å manøvrere magasinet og drifte kraftstasjonane på ein god måte.

NVE vil elles peike på at vasstanden i Breidalsvatnet i så stor grad om mogleg utover sommaren og hausten skal haldast på eit slikt nivå at det grunne partiet ved restane av den gamle Strynefjellsvegen og fram til dam Breidalsvatn er vassdekt. Området ved Grotli og vestover langs den gamle Strynefjellsvegen er mykje nytta av turgåande og camperande turistar. Etter vår syn vil vassdekking av dette arealet medverke sterkt til å redusere ei landskapsmessig ulempe både for turistar og hytteeigarar.

Overføringa vil medføre at Raudalsmagasinet i middel vil få 2–3 veker tidlegare oppfylling og jamn vasstand fram til i byrjinga av september. Deretter viser vasstandskurva nedtapping på 1–2 m fram til midten av november. Samanlikna med vasstanden utan overføring, men med drift i Framruste og Øyberget kraftverk, vil overføringa gje noko høgare vasstand i Raudalsmagasinet om hausten. I år med stort tilsig vil vasstanden og nedtappinga i stor grad vere samanfallande med situasjonen før bygging av Framruste kraftverk. Overføringa medfører ikkje store eller hyppige endringar i vasstands nivået, og vil etter vårt syn såleis ikkje forårsake ulemper av noko omfang i samband med transport til beiteområde og gjeterhytter omkring vatnet.

2.2.4 Massedeponi

Frå nokre av høyringspartane er det peika på inngrep knytt til plassering av ei relativt stor mengde steinmassar frå tunnelen.

I søknaden er det gjort overslag over massevolum både ved fullbrofilboring og ved konvensjonell driftsmåte. For massedeponi vart søknaden utvida til å omfatte også eit deponi øvst i Framrustedalen særleg av omsyn til å minske transporten i beitesesongen ned til hovudtippen ved Framruste kraftverk.

Etter opplysning frå søkjar er det no mest sannsynleg med konvensjonell driving av tunnelen

som inneber halvparten av massane til kvar side. Totalt vil massevolumet i tipp ligge i storleikssorden 530 000–550 000 m³ avhengig om noko av massane vert nytta lokalt umiddelbart.

NVE meiner det vil vere ei miljømessig god løysing å plassere delar av massane på Raudalssida i ein permanent tipp øvst i Framrustedalen. Ein godt terreng- og formtilpassa tipp vil etter nokre år bli lite synleg i det skrånande terrenget på sørsida av Framrusteelv. Utbreiinga av tippa mot Framrusteelva må avgrensast slik at den ikkje vert dominerande landskapselement sett frå Framrustesæter. Tippa i Framrustedalen vil redusere arealtrykken ved hovudtippa ved Framruste kraftverk. Utviding av hovudtippa i sør/sørvestleg retning medfører relativt stor arealutbreiing. Terrenget avgrensar høgda på tippa dersom ein skal unngå negativ påverknad på landskapsrommet ved at toppen av den blir liggande høgare enn furuskogen. Dessutan vil tippa i Framrustedalen medverke til mindre transport og etter vårt syn er ulempene knytt til ein ny tipp i eit område som allereie er påverka av inngrep totalt sett mindre en ulempene ved å transportere massane om lag 5 km nedover dalføret til eksisterande tipp.

Ved Breidalvatnet vil ein del av massane kunne plasserast i steintaket som vart etablert i samband med ombygginga av dam Breidalsvatnet midt på 1980-talet. Det vil redusere m.a. dei loddrette skjeringane i steintaket som står i kontrast til det omkringliggende landskapet med meir avrunda former.

I tillegg foreslår søkjar å etablere ein tipp i Breidalsvatnet med toppnivå 2 m under HRV og eit volum på inntil 120 000 m³. I ein tipp vil ein finne alle typar steinstorleikar frå mindre blokker og ned til kvabb. Deponering av massar ute i vatnet tilseier at dei første åra kan finstoffet som følgje av straumforhold og bølger medføre blakking av vatnet i samband med oppfylling av magasinet. Under nedtapping vil dette vere meir uvanleg pga. is. Tippa vil framstå som ein unaturleg, isdekt «åsrygg» i det nedtappa magasinet, og det er grunn til å tru at på vårparten vil den tørre delen av tippa bli snø- og isfri før vatnet og vil vere skjemmaende inntil den vert dekt av vatn. NVE meiner derfor at ein i det lengste bør unngå tipp i magasinet, og heller søkje ei løysing med permanent tipp på land. Etter vår vurdering vil det vere nærliggande å sjå nærmare på området mellom riksveg 15 og Breidalsvatnet der det i dag er etablert ein parkeringsplass. Tippmassane kan då nyttast enten til utviding av parkeringsplassen i ulike nivå eller tilpassast terrengformasjonane og tilsåast.

Med omsyn til framtidig bruk av tippmassar

bør dette avgrensast til hovudtippa ved Framruste kraftverk. Både ved Breidalsvatnet og i Framrustedalen må tippa ferdigplanerast og få permanent forbod mot uttak m.a. av omsyn til etablering av vegetasjon.

Dei moglege lokaliseringsstadane for tilkomst av tunnelar og tippa påverkar ikkje truga eller sårbare naturmiljø eller -typar. Dei fleste naturtypene vil ein høgst sannsynleg finne andre stadar langs vassdraget.

Frå grunneigarhald er det kome forslag om deponering av massar under HRV i Raudalsmagasinet til erstatning for tippa øvst i Framrustedalen. Vi viser til dei vurderingane vi har gjort overfor omkring deponi i Breidalsvatnet. I tillegg vil ei slik løysing vere teknisk og økonomisk meir krevjande enn bruk av tippa/tippområda som er foreslegne.

NVE stiller seg positiv til å ta i bruk tippmassar til ulike formål lokalt under anleggsperioden, noko som vil medverke til å redusere tippvolumet. Vi ser det likevel som rimeleg at uttak av massar etter anleggsperioden vert avgrensa til ein av tippa for å unngå tilfeldige uttak med punktering av den landskapstilpassa overflata på dei andre deponia.

2.2.5 Produksjon og kostnader

Overføringa vil gje ein brutto årleg midlare produksjonsauke på om lag 130 GWh. Pumpinga vil krevje om lag 5 GWh og netto tilførsel til energisystemet vert dermed om lag 125 GWh. Auken vil i hovudsakleg kome i Framruste kraftverk med omkring 50 % vinterkraft. Totalt vil omsøkte prosjekt saman med Framruste og Øyberget kraftverk i middel tilføre energisystemet 650 GWh. I dagens energisituasjon vil dette vere eit brukbart energitilskot med moderate naturinngrep.

Kostnaden med overføringa er estimert til 250 Mkr pr. 3. kvartal 2003, som gjev ein utbyggingspris på 2 kr/KWh. Vårt kostnadsoverslag er i overkant av 4 % høgare. Ved ev. konsesjon vil det likevel vere situasjonen på entreprenørmarknaden ved tilbudsutlysinga som er avgjerande for utbyggingskostnaden.

Etter gjennomgang av tala for produksjon og kostnader har NVE ut frå ei kost/nytte vurdering ikkje innvendingar mot prosjektet. Basert på den tekniske og økonomiske løysinga meiner vi prosjektet ligg innanfor ei samfunnsøkonomisk akseptabel ramme.

Etter ei samla vurdering av søknaden og dei innkomne uttalane for overføring av Breidalsvatnet til Raudalsvatnet finn NVE at nytten og fordelene er større enn skadene og ulempene for allmen-

ne og private interesser. Kravet etter § 8 i vassdragsreguleringslova er dermed oppfylt, og vi tilrår at Glommens og Laagens Brukseierforening får konsesjon etter vassdragsreguleringslova for overføring av Breidalsvatnet til Raudalsvatnet som omsøkt.

I NVE si totalvurdering inngår også ei vurdering av konsekvensane ved å legge jordkabel frå Framruste kraftverk langs eksisterande veg fram til anleggstad og pumpestasjon på Raudalssida. Ved Breidalsvatnet er det planlagt ei forgreining frå eksisterande 22 kV kraftlinje mellom Pollfoss og Grotli. I høyringsfråsegnene er det ikkje kome innvendingar til løysingane.

Etter NVE si vurdering medfører ikkje framføring av straum skader og ulemper av eit slikt omfang at det har avgjerande vekt for om den omsøkte overføringa kan gjennomførast eller ikkje. Søkningen om bygging av elektriske anlegg vil bli slutthandsama i NVE etter at det er teke stilling til søknaden om konsesjon for overføring.

3 Innkomne fråsegner til NVE si innstilling

Departementet har fått fråsegner frå følgjande instansar til NVE si innstilling:

3.1 Sel kommune si fråsegn

Sel kommune v/Formannskapet vedtok følgjande fråsegn i møte 19.01.05:

«Sel kommune har ikke merknader utover sak 095/04 den 23.06.04 til overføringstunnelen mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet i Skjåk kommune.»

3.2 Oppland fylkeskommune si fråsegn

Oppland fylkeskommune uttaler i e-post av 17.02.05 følgjande:

«Oppland fylkeskommune viser til tidligere uttale om saken, oversendt NVE 5. juli 2004.»

3.3 Lom kommune si fråsegn

Lom kommune gav følgjande uttale 18.02.05:

«NVE si innstilling og godkjenning av konsekvensutgreiingsprogram når det gjeld overføringstunnel mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet i Øvre Otta er gjennomgått, og det er ikkje moment her som tilseier at Lom

kommune behøver gje ny uttale til denne saka. Det er ikkje noko nytt som angår Lom i høve til det ein var kjent med ved uttale til utbyggingsplanane gjeve av formannskapet i møte 15.06.04, sak 159/04.

Saka gjeld i hovudsak forhold som berører interesser i Skjåk. Overføringa synest ikkje å gje større endringar i vassdraget så langt ned som til Lom – ut over det som følgjer av tidlegare godkjente reguleringar. Ein finn det tilfredsstillande at det i innstilling til konsesjon er sett vilkår om at konsesjonæren kan påleggast endringar i manøvreringsreglement og/eller avbøtande tiltak dersom det skulle syne seg at tiltaket skulle medføre vesentlege skadeverknader for allmenne interesser

Dokumenta med godkjenning av konsekvensutgreiing og innstilling om konsesjon vart lagt som *referatsak til formannskapet, referert i møte 18.01.05.*»

3.4 Skjåk kommune si fråsegn

Skjåk kommune gav følgjande fråsegn i brev dags-ett 18.02.05:

«Vi viser til oversendt innstilling med følgebrev frå Olje- og energidepartementet der det blir bedt om eventuell uttale frå Skjåk kommune, med svarfrist 10.02.05. Vi viser og til telefon-samtale 16.02.05.

Skjåk kommune har følgjande kommentarar til NVE sine vurderingar og konklusjonar i dei enkelte kapitla i innstillinga:

Omsøkt overføring

Ingen kommentar

Vassføring

Ingen kommentar

Regulering av magasin

Breiddalsmagasinet.

Skjåk kommune er samnd i at forseinka fylling kan vere vanskeleg å tidfeste eksakt ut ifrå at oppfyllinga av magasinet er avhengig av snøsmeltinga det enkelte år. Vassregimet i magasinet må likevel vere slikt at konsesjonær er underforstått med at ordlyden i punkt 2 i manøvreringsreglementet: »- rask fylling-» vil seie at kun naturlege påverknader som sein snøsmelting skal ligge til grunn for at fylling av magasinet ikkje kan skje så raskt som mogleg.

Massedeponi

Skjåk kommune er samnd med NVE i at deponi i Breiddalsmagasinet med toppnivå 2 meter under HRV er uheldig. Liknande deponi har tidlegare vore gjort i Breiddalsvatnet i sam-

band med bygging av fylling for riksveg 15 ved hjelp av tunnellmasser frå Oppljostunnelen. Det er ikkje merka skade av finstoffet frå dette deponiet i vatnet på miljø. Området rundt Grotli og Breidalsvatnet er eit viktig reiselivsområde og ein tipp mellom Breidalsvatnet og riksveg 15, som NVE alternativt foreslår, vil bli svært skjemmande i eit elles urøyd landskap. Skjåk kommune held fast ved at deponi i Breidalsvatnet er den beste løysinga totalt sett. Føresetnaden bør likevel for dette prosjektet vere å tilstrebe at mest mogleg av massene kan brukast til samfunnsnyttige føremål som utbetring av riksveg 15. Her er det eit nært samarbeid mellom kommunane, Skjåk og Stryn, for å påverke vegstyresmaktene til bl.a. å bygge rasoverbygg i Grasdalen. Det er derfor viktig at vassdragstyresmaktene støttar alternativ bruk av massene frå denne utbygginga.

Produksjon og kostnader

Ingen kommentar.

Kommentarar til vilkåra:

Konsesjonstid, post 1

Ingen kommentar

Konsesjonsavgifter og næringsfond, post 2

Skjåk kommune meiner at satsen for konsesjonsavgift til kommune på kr. 24,- pr.nat.hk er sett for lågt. Det er samanlikna med den pågåande utbygginga av Øyberget og Framruste kraftverk. Skjåk kommune viser til at det i den omsøkte utbygginga dreier seg om mykje større verknader enn ved den pågåande Øvre Otta utbygginga. Otta elva vil i ei eventuell utbygging blir påverka av mindre vassføring store delar av året over ei lang strekning mellom Grotli og Pollfoss, på 20 km. Dette er ei av dei viktigaste reiselivsstrekningane i landet, og negativ påverknad på miljø vil påverke reiselivsnæringa. Vi meiner dette må kompensast ved høgare konsesjonsavgift.

Skjåk kommune forlanger ein pris pr.nat.hk på kr. 35,-.

Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v. post 7.

Som sagt i innstillinga må ein kome tilbake til landskapsmessige forhold i detaljplanar for dei enkelte områda. Kommunen vil likevel signalisere at det er viktig å prioritere opprydding og skape eit vasspeil oppstraums Breidalsdammen, når magasinet er nedtappa.

Naturforvaltning, post 8

Ingen kommentarar

Automatisk freda kulturminne, post 9

Ingen kommentarar

Forureining, post 10

Ingen kommentarar

Ferdsel, post 11

Ingen kommentarar

Tersklar, post 12

Ingen kommentarar

Manøvreringsreglement, post 14

Ingen kommentarar

Andre kommentarar

Ingen kommentarar

Manøvreringsreglement

Skjåk kommune forutset at det nye manøvreringsreglementet, som erstattar dei 2 eksisterande manøvreringsreglementa for Raudaldalen og Breidalen dagsett 20.08.48, ikkje fører til praktiske endringar i vasstanden i dei 2 vatna sjøl om høgdekotene er endra. Skjåk kommune er kjent med at fastsetting av koter i magasina er endra p.g.a overgang til nytt høgdesystem.»

4 Olje- og energidepartementet sine merknader

4.1 Innleiing

Breidalsvatnet og Raudalsvatnet ligg i Skjåk kommune og er ein del av Øvre Otta vassdraget. Magasina har vore regulert for kraftproduksjon sidan tidleg på 1940-talet med tapping nedover Ottaelv og Lågen for produksjon i kraftverka lenger ned i vassdraget.

Ved kongeleg resolusjon 8. juni 2001 fekk Opplandskraft DA og Tafford kraftselskap AS konsesjon til å byggje Framruste og Øyberget kraftverk i Skjåk kommune. Konsesjonen vart gjeven med bakgrunn i ein planendringssøknad i samband med den saka som vart handsama i Stortinget i juni 1999, jf. St.meld. nr. 50 (1997–98) og Innst. S. nr. 200 (1998–99).

Kraftverka er planlagt gjort ferdige i 2005. Øyberget kraftverk vil nytte begge reguleringsmagasina, medan Framruste kraftverk berre vil få driftsvatn frå Raudalsmagasinet.

Ei overføring av vatn frå Breidalsmagasinet til Raudalsmagasinet via tunnel vil gjere det mogleg å nytte Breidalsmagasinet og i Framruste kraftverk. I tillegg til betre utnytting av vassressursane tilsvarende om lag netto 125 GWh årleg i ny kraftproduksjon, vil overføringa medverka til ei litt betre flaumdemping i Ottadalføret.

4.2 Konsesjonssøkjaren

Glommens og Laagens Brukseierforening (GLB) er ei brukseigarforeining stifta med basis i vassdragsreguleringslova. Foreininga har ansvaret for 26 reguleringar og overføringar i Glomma og Lågenvassdraget. Medlemane i foreininga er kommunale, fylkeskommunale og private kraftselskap som til saman produserer omlag 10 TWh i eit gjennomsnittleg år.

4.3 Søkna den

Det er søkt om løyve etter vassdragsreguleringslova for overføring mellom reguleringsmagasina Breidalsvatnet og Raudalsvatnet.

Overføringa føreset tidvis pumping av vatnet frå Breidalsvatnet som følgje av innbyrdes ulike kotehøgder for høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) i dei to magasinane. Dei elektriske anlegga som må byggjast i samband med pumpene er konsesjonsppliktige etter energilova, og det er difor søkt om konsesjon etter energilova.

Vassmengda i Ottaelv mellom Breidalsvatnet og avløpet frå Framruste kraftverk vert redusert, og det er søkt om løyve etter forureiningslova.

Alle fysiske tiltak i tilknytning til omsøkt overføring vil skje i Skjåk kommune. Anleggsaktiviteten vil i første rekkje gå føre seg ved begge endane av overføringstunnelen, det vil seie ved områda kring dammane ved Breidalsvatnet og Raudalsvatnet. Prosjektet gjer det ikkje naudsynt med endring av eksisterande reguleringskonsesjonar for Breidalsvatnet og Raudalsvatnet.

4.4 Kraftproduksjon

I eit gjennomsnittleg år vil overføringa auke produksjonen med brutto 130 GWh/år. Framruste kraftverk vil stå for det meste av tilleggsproduksjonen. For pumpinga er det rekna med eit energiforbruk på 5 GWh/år, slik at nettoauken vert om lag 125 GWh/år. 50 prosent av produksjonsauken er vinterkraft.

4.5 Høvet til verneplan og Samla plan

I Verneplan IV for vassdrag er sidevassdraga Finna, Ostri m/Tundra, Skjøli og Bøvri i Øvre Otta vassdraget gjeve vern mot kraftutbygging. Det vert vist til St.prp. nr. 118 (1991–92) og Innst. S. nr. 116 (1992–93). I samband med suppleringa av Verneplan for vassdrag vart elvane Tora, Glitra, Måråi og Åfotgrovu tekne inn i verneplanen, jf. St.prp. nr.

75 (2003–2004) og Innst. S. nr. 116 (2004–2005). Dette er sidevassdrag som drenerer til Ottaelva på strekninga mellom Breidalsvatnet og Pollfoss.

Overføringstunnelen det er søkt om er ein del av Samla plan prosjektet Øvre Otta alternativ VA. Alternativet er plassert i kategori I og vart konsesjonssøkt i 1996. Det vart gjeve konsesjon til eit redusert utbyggingsalternativ for Øvre Otta i 2001.

Overføringa vil ikkje kome i konflikt med eller røra ved områder som er verna. Overføringstunnelen vil passere under vassdrag som er verna gjennom suppleringa av Verneplan for vassdrag. I første rekkje gjeld dette Måråe som renn saman med Ottaelv like nedstraums dam Breidalsvatn.

4.6 Verknader av tiltaket

4.6.1 Fordelar

I eit gjennomsnittleg år vil utbygginga tilføre energisystemet om lag 125 GWh, og med små miljømessige inngrep.

Skjåk kommune vil få økonomisk kompensasjon gjennom konsesjonsavgifter og konsesjonskraft. I tillegg vil utbygginga gje kommunen inntekter frå anna skattlegging av kraftverk gjennom til dømes naturressursskatt og eigedomsskatt. Prosjektet vil og gje lokale arbeidsplassar i anleggsperioden.

Tunnellmassane er ein ressurs som kan nyttast over tid anten i samband med vegbygging eller til oppfylling og tilrettelegging av næringsareal.

4.6.2 Ulemper

Omsøkte overføring vil medføre endra vassføring i Ottaelva mellom Breidalsvatnet og Pollvatnet. Dagens median vassføring i vinterhalvåret like nedstraums dammen i Breidalsvatnet (samanlaupet Otta/Måråe) er 7,2 m³/s. Denne vert redusert til 1,6 m³/s. Om sommaren vert vassføringa på same staden redusert frå 22,2 til 12,7 m³/s. I nedre del av den berørte elvestrekninga ved Pollfoss går median vassføring om vinteren ned frå 9 m³/s til 3,4 m³/s, og om sommaren frå 59,4 m³/s til 49,9 m³/s.

Det vert seinare oppfylling mot HRV i Breidalsvatnet i høve til i dag.

Tunnellengda gjer at relativt store steinvolum må plasserast i terrenget like ved innhogg/tverrslag av tunnelen.

4.7 NVE si tilråding

Basert på den tekniske og økonomiske løysinga meiner NVE at prosjektet ligg innanfor ei samfunnsøkonomisk akseptabel ramme.

NVE finn at prosjektet vil gje eit brukbart energitilskot med moderate naturinngrep.

Etter ei samla vurdering av søknaden og dei innkomne uttalanane for overføring av vatn frå Breidalsvatnet til Raudalsvatnet finn NVE at nytten og fordelene er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet etter § 8 i vassdragsreguleringslova er dermed oppfylt, og NVE rår til at Glommens og Laagens Brukseierforening får konsesjon etter vassdragsreguleringslova for overføringa som omsøkt.

4.8 Oppsummering av fråsegnene til NVE si innstilling

Lom kommune, Sel kommune og Oppland fylkeskommune peikar på kva dei uttala i høve til søknaden i samband med NVE si handsaming av saka. Dei har ikkje nokon ytterlegare merknadar til NVE si innstilling.

Skjåk kommune sin vesentlegaste kommentar går på at forslaget til sats for konsesjonsavgifta til kommunen på kr. 24,- pr.nat.hk er sett for lågt. Det er samanlikna med den pågåande utbygginga av Øyberget og Framruste kraftverk, og Skjåk kommune forlangar ein pris pr. nat.hk på kr. 35,- pr. nat.hk.

4.9 Departementet si vurdering

Overføringa som det er søkt om skil seg både teknisk og inngrepsmessig frå den overføringa som Stortinget handsama i 1999. Overføringa som no blir fremja er avgrensa til tapping av vatn mellom magasina i Breidalen og Raudalen utan inntak av elvar, og er eit tiltak med vesentleg mindre inngrep og anna teknisk løysing enn tunnelalternativet som vart handsama i 1999.

Einskilde naturvernorganisasjonar hevdar at prosjektet er i strid med Stortinget sitt vedtak av 7. juni 1999 om ei delvis utbygging av Øvre Otta. Rett nok gikk Stortinget i mot ei overføring knytt til eit omfattande prosjekt i 1999. Denne saka gjeld eit mindre overføringsprosjekt utan inntak av sideelver og mellom to magasin som har vore regulert i over 60 år, og som Stortinget no vil få høve til å handsame i samband med denne proposisjonen.

Med ei rein overføring utan inntak av sideelvar er søknaden etter departementet sitt syn ikkje i strid med handsaminga av Øvre Otta i Stortinget i 1999. Dei elvene som var omfatta av den tidlegare søknaden er alle verna gjennom handsaminga i Stortinget 18. februar 2005 av St.prp. nr. 75 (2003–2004) Supplering av verneplan for vassdrag, jf. Innst. S. nr. 116 (2004–2005).

Tiltaket ligg innanfor ramma av utbyggingsalternativ VA som vart plassert i Samla plan kategori I, og som difor kan konsesjonshandsamast.

Overføringa som det er søkt om er det berre mogleg å realisere fullt ut ved pumping av ein del av vatnet inn i Raudalsvatnet sidan HRV i dette magasinet har høgare kotenivå enn i Breidalsvatnet. Oppunder 50 prosent av tilsiget vil bli pumpa over i Raudalsvatnet. Pumpestasjonen vert plassert i fjell og gjev åleine ikkje nye inngrep som er avgjerrande for omfanget av prosjektet.

Overføringa vil føre med seg endra vassføring i Ottaelva mellom Breidalsvatnet og Pollvatnet, og gjer at vintervassføringa mellom Breidalsvatnet og Pollfoss vil nærma seg den naturlege vassføringa vinterstid før reguleringa i 1942.

Samanliknar ein med høvet i dag vert det mindre overlaup frå Breidalsvatnet på ettersommaren og hausten som tilfører vatn til Ottaelv. Etter NVE si oppfatning vil endringa i vassføringa ikkje få eit slikt omfang at det oppstår skader eller ulemper for landskapsopplevinga eller fisk og fiskeinteresser.

Etter NVE sitt syn vil det naturlege restfeltet saman med innsjøane nedover vassdraget oppretthalde ei tilstrekkeleg og varierende sommarvassføring som tek vare på omsynet til landskapet og fisk i vassdraget. Minstevassføringspålegget på 300 l/s forbi dammen vil sikre vasspegelen i kulpane ned til samanlaupet med Måråe.

Departementet viser til Direktoratet for naturforvaltning (DN) sine vurderingar av at endra fyltingsmønster i magasina og den reduserte vassføringa vil føre til avgrensa skadeverknader for natur og miljø.

Overføringa vil gje ein brutto årleg gjennomsnittleg produksjonsauke på om lag 130 GWh. Med pumping som vil krevje om lag 5 GWh, blir netto tilførsel til energisystemet om lag 125 GWh pr. år. Auken vil i hovudsak kome i Framruste kraftverk, og med omlag 50 prosent vinterkraft. Dette utgjer eit monaleg tilskot av fornybar energi med moderate naturinngrep.

Overføringa vil og gjere at ein får nytta eksisterande reguleringar mykje betre gjennom dei kraftverka som no er under bygging i Øvre Otta. Prosjektet gjev ein meir effektiv bruk av ressursar enn å gjennomføre nye utbyggingar i urørte og lite påverka område. Dette er i samsvar med merknader frå Stortinget, mellom anna i høve til handsaminga av Vasskraftmeldinga og meldinga om forsyningsstryggleiken for straum (St.meld. nr. 37 (2000–2001) og St.meld. nr. 18 (2003–2004), jf. Innst. S. nr. 263 (2000–2001) og Innst. S. nr. 181 (2003–2004).

Overføringa vil vidare gje ei viss betra flaumdemping i Ottadalføret. Den reduserte vintervassføringa i Ottaelva mellom Breidalsvatn og Pollfoss gjev ein positiv lokalklimatisk verknad.

Utbygginga er i tråd med ønskjer frå kommunen, og vil medverke til sysselsetting og verdiskaping i regionen. Departementet legg stor vekt på oppslutninga om prosjektet lokalt og på fylkesplanet.

Departementet legg vekt på at fylkesmannen har kome til at ulempene er avgrensa sett i samanheng med energigevinsten ved overføringa. DN legg vekt på at overføringa ikkje vil gje nye inngrep i urørt natur, og har konkludert med at konsekvensane for nasjonale miljøinteresser vil vere akseptable sett i samanheng med energien som vert vunnen inn.

Etter ein heilskapleg vurdering av søknaden, finn Olje- og energidepartementet at nytten og fordelane er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Kravet etter § 8 i vassdragsreguleringslova er dermed oppfylt.

Olje- og energidepartementet rår til at GLB får konsesjon etter vassdragsreguleringslova for overføring av vatn frå Breidalsvatnet til Raudalsvatnet slik det er søkt om.

I løyvet etter vassdragsreguleringslova inngår og løyve etter lova om forureining § 11 og løyve til oreigning av naudsynt grunn og rettigheter for å gjennomføre overføringa etter vassdragsreguleringslova § 16 nr. 1.

4.10 Departementet sine merknader til dei foreslåtte vilkår

Konsesjon for regulering av Breidalsvatnet og Raudalsvatnet vart stadfesta ved kongeleg resolusjon 20. august 1948 med eit sett med vilkår og manøvreringsreglement for kvart magasin. Overføringstunnelen vil binde dei to magasinane saman utan at det vil gje vesentlege endringar for magasinane.

Det er mest formålstenleg å gje eit eige vilkårssett ut frå dei krav vassdragsstyresmaktene no set for overføringa.

Departementet rår til at dei tre konsesjonane vert kopla til eitt manøvreringsreglement.

4.10.1 Konsesjonstid (post 1)

GLB er eit offentleg eigd selskap og fyller kravet til å få tildelt konsesjon på uavgrensa tid. Vilkåra for den nye konsesjonen kan reviderast etter 30 år, jf. vassdragsreguleringslova § 10 post 3, 1. ledd. Departementet rår til at ein nyttar det vanlege vilkåret

for revisjon, slik at post 1 anna ledd får fylgjande ordlyd:

«Vilkårene for konsesjonen kan tas opp til allminnelig revisjon etter 30 år. Hvis vilkårene blir revidert, har konsesjonæren adgang til å frasi seg konsesjon innen 3 måneder etter at han har fått underretning om de reviderte vilkår, jf. vassdragsreguleringsloven § 10, post 3, 1. ledd.»

4.10.2 Konsesjonsavgifter og næringsfond (post 2)

Eksisterande regulering frå 1948 har ved siste indeksregulering ein sats på kr 7,79 pr. nat.hk til staten og kr 39,94 pr. nat.hk til kommunen. Ved nye konsesjonar i dag er det vanleg med ein sats på kr 8,00 til staten og kr 24,00 pr. nat.hk. til kommunar. NVE finn ikkje grunnlag for å auke denne i dette tilfellet og foreslår derfor kr 8,00 pr. nat.hk til staten og kr 24,00 pr. nat.hk. til Skjåk kommune. Denne satsen er på nivå med den som vart gjeven i konsesjonen for bygging av Framruste og Øyberget kraftverk.

Skjåk kommune krev ei konsesjonsavgift til kommunen på kr 35,00 pr. nat.hk. ut frå at negativ påverknad på miljø ved mindre vassføring vil vere negativt for reiselivsnæringa.

Departementet viser til NVE si grunngjeving, og sluttar seg til forslaget om ein sats på kr 8,00 pr. nat.hk til staten og kr 24,00 pr. nat.hk. til Skjåk kommune.

Skjåk kommune har fremja krav om å få seg tildelt eit næringsfond på kr 2 300 000. Etter NVE sitt syn er dette akseptabelt sett i høve til talet på naturhestekrefter som vert vunnen inn og nivået for næringsfond fastsett i andre konsesjonar av same storleik. Det vil vere rimeleg at ein del av verdskapinga knytt til vassressursen vert tilført eit fond som har til formål å fremje lokal næringsutvikling i utbyggingskommunen.

Departementet viser til at overføringa ikkje har store miljømessige ulemper, men rår til at Skjåk kommune, som kompensasjon for verdskapinga frå overføringa, vert gjeven eit næringsfond på kr 2 300 000.

4.10.3 Godkjenning av planar, landskapsmessige høve, tilsyn m.v. (post 7)

Departementet foreslår standardvilkår for desse spørsmåla. Detaljplanar skal konsesjonæren leggja fram for NVE til godkjenning før arbeidet i det aktuelle området startar. Konsesjonæren må leggja særleg vekt på detaljplanar knytt til massedeponia.

Detaljane omkring landskapsmessig utforming for tippene i Framrustedalen på Breidalssida er særskild viktige fordi dei er permanente deponi som skal stengjast mot uttak. Kommunen skal ha høve til å uttale seg til godkjenninga av detaljplanar. Departementet peikar på at kommunen prioriterer opprydding og å skape ein vasspegel oppstraums Breidalsdammen når magasinet er nedtappa.

4.10.4 Naturforvaltning (post 8)

DN har foreslått at det vert innbetalt eit årleg tilskot på kr 50 000 for opphjälp av fisk/vilt/friluftsliv. Kravet frå kommunen er på kr 60 000 til dette formålet.

NVE meiner at overføringa vil gje avgrensa skader og ulemper for fisk og fiskeinteressene nedanfor Grotlivatnet i fiskesesongen. Dessutan vil Grotlivatnet og dei vatna som ligg nedanfor gje ei viss utjamning av vassføringa nedover til Pollvatnet. I høve til fisken sin reproduksjon meiner NVE at det likevel kan vere eit spørsmål om vintertappinga som har gått føre seg har medverka til auka bestand gjennom at gyteområda har vore sikra stabil tilgang på vatn. Med ei framtidig vintervassføring som nærmar seg naturtilstanden, vil gyteområda oftare bli islagt. NVE finn derfor grunnlag for innbetaling av ein sum på kr 50 000 som også kan kome friluftslivet og viltinteressene til gode.

Etter departementet sitt syn er det på bakgrunn av DN og NVE si faglege tilråding grunnlag for å tilrå at det vert fastsett eit årleg beløp på kr 50 000 til opphjälp av fisk/vilt/friluftsliv.

Departementet rår til standardvilkår for naturforvaltning, men i høve til nyare praksis frå Miljøverndepartementet vert det gjort ei lita endring slik at kommunen og skal rå over midlane til friluftsliv.

Departementet viser til NVE sin merknad om at vilkåra er omfattande, og at ein må knytte pålegg etter denne posten til ei kost/nytte vurdering sett i samband med driftinga av overføringstunnelen.

4.10.5 Automatisk freda kulturminne (post 9)

Standardvilkåret for kulturminne tek vare på omsynet til automatisk freda kulturminne før eventuell anleggsstart. Dette er aktuelt for dei areala og områda som vert direkte påverka av inngrep. Departementet viser til at GLB allereie har engasjert kulturminneseksjonen hos fylkesmannen i Oppland, og at krava i §§ 8 og 9 i kulturminnelova er oppfylt.

Departementet presiserer at det ikkje er grunnlag i denne saka for å gjennomføre eit omfattande

registreringsarbeid av områder som ikkje vert påverka av fysiske inngrep.

4.10.6 Forureining (post 10)

Det vert foreslått standardvilkår om forureining. Fylkesmannen føreset at det vert søkt om eige utsleppsløyve for anleggsperioden knytt til mellom anna riggområda. Resipientforholda på elvestrekninga vert endra på vinterstid, men sidan bruken av området er monaleg mindre enn i sommarhalvåret, vil tilførsel av vatn frå restfeltet høgst sannsynleg oppretthalde ein tilfredstillande resipientkapasitet. Spørsmåla om støy og andre ulemper knytt til anleggsdrifta må konsesjonæren løysa gjennom praktiske og minnelege ordningar som GLB tek ansvar for å fremja overfor brukarar og næringsinteresser i dei områda som vert røra ved.

4.10.7 Ferdsl (post 11)

Som hovudregel skal vegar og liknande som vert bygd i anleggsperioden kunne verte nytta av allmenta. For dette prosjektet er det ikkje planlagt nye vegar av noko omfang. Noverande veg oppover Framrustedalen med forgreininga til vegen frå Bråtådalen til Raudalsdammen er knytt til utbygginga av Framruste kraftverk.

Tap av naturleg gjerde på grunn av endra vassføring i beitesesongen må konsesjonæren få avklara gjennom ei minneleg ordning eller ved skjønn. Spørsmålet vil bli i kor stor grad endring av overlaup fører til at beitande husdyr kryssar Ottaelv, og då særleg på strekninga berre med tilførsel frå restfelt.

4.10.8 Tersklar m.v. (post 12)

Kommunen peikar på eit mogleg framtidig behov for terskelbygging på strekninga mellom Breidalsvatnet og samlaupet med Tora. Det vilkåret som er tilrådd, gjev grunnlag for mellom anna å pålegge terskelbygging. NVE er av den oppfatning at dette er naturleg å vurdere nærare når det nye vassføringsregimet har gått føre seg nokre år.

Departementet sluttar seg til NVE si vurdering, og rår til at spørsmålet om eventuell bygging av tersklar vert utsett til vassdragsstyresmaktene får meir erfaring med verknadene av overføringa.

4.10.9 Manøvreringsreglementet (post 14)

Departementet tilrår at overføringa her ses saman med dei to gjeldande manøvreringsreglementa for

Breidalsvatnet og Raudalsvatnet, og vert samla i eit felles reglement.

Reguleringsgrenser og minstevassføring for Breidalsvatnet og Raudalsvatnet vert ikkje endra. Ei seinare fylling av Breidalsmagasinet mot HRV med inntil 2 veker i gjennomsnitt om sommaren er akseptabelt i høve til landskapsinteressene. Av omsyn til å redusere flaumtapa vil vatnet ikkje så ofte kome heilt opp til HRV.

Ein flaumbuffer på inntil 1 m mellom kote 899,39 og HRV kote 900,39 er eit monaleg volum for å minske flaumtapet. Større nedbørfelt, mindre magasinivolum og høgare kotenivå på LRV i Breidalsvatnet enn Raudalsvatnet, gjer at ein skal legge vekt på rask oppfylling av Breidalsvatnet til kote 899,39. NVE legg til grunn dei føringane for manøvrering som er oppgjevne i søknaden. I følge GLB si vasstandskurve for Breidalsvatnet vil hovudtappinga frå magasinet med bruk av overføringstunnelen starte i siste halvdel av desember i eit gjennomsnittleg år. Av omsyn til brukarinteressene ved Breidalsvatnet tilrår NVE at vasstanden ikkje vert senka under kote 899,39 før 15. oktober. Det må leggjast vekt på at dei grunne områda ved dammen i størst mogeleg grad er vassdekt i sommarsesongen.

Departementet sluttar seg til NVE si vurdering her.

Overføringa det er søkt om gjer det mogleg med ei endra manøvrering i Breidalsvatnet. For at framtidig manøvrering i størst mogleg grad skal falle saman med den praksis som er etablert i dag, tilrår departementet at det nye manøvreringsreglementet ikkje legg opp til ei endra manøvrering. Omsynet til at kommunen ikkje vil ha praktiske endringar i vasstanden i magasin skulde med det vere teken vare på.

Slepping av minstevassføringa forbi dammen i Breidalsvatnet, og ikkje gjennom eksisterande tapetunnel, for å få vatn i det tørrlagde elvelaupet rett nedstraums dammen, vil betre landskapsopplevinga. Damområdet med gamle Strynefjellsvegen er nærområdet for fleire hytter og ei reiselivsverksemd. Punkt for vasslepping frå Breidalsvatnet er knytt til eksisterande konsesjon, som ikkje er til vurdering no. NVE oppmodar likevel om at ei løysing for å kunne tilføre vatn til den tørrlagde strekinga vert vurdert i samband med detaljplanlegginga. Departementet legg og til grunn at ein under detaljplanlegginga finn ei løysing for å tilføre vatn til denne elvestrekninga.

Søklar viser i tillegg til konsesjonen for Framruste og Øyberget kraftverk frå 8. juni 2001, post 14, der det står følgjande ordlyd: *Store døgnvariasjoner skal unngås når det ikke tappes vann fra Breidalsmagasinet*. Hovudformålet med ordlyden var å unngå uheldige skader og ulemper for vassdragsmiljøet ved effektkøyring. Etter NVE si oppfatning endrar omsøkte overføring ikkje grunnlaget for dette, og NVE vurderer det ikkje som naudsynt å endre konsesjonen for drifta av Framruste kraftverk.

Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar her.

4.11 Andre merknader

Hytteforeininga ved Grotli har kome med uttale om at ein ønskjer utført tiltak knytt til mellom anna båtplassar og oppsamlingsstad for avfall. Dersom slike privatrettslege tilhøve kan takast opp utover det som gjeld etter tidlegare skjønnsavgjerder, må dette verte gjort ved forhandlingar med grunneigarane.

Grunneigarar/rettshavarar har teke opp spørsmål av privatrettsleg karakter som til dømes moglege ulemper ved bruk av båt på Breidalsvatnet og Raudalsvatnet i samband med transport eller fiske. Departementet legg som NVE til grunn at dette vert ordna gjennom avtale eller skjønn der konsesjonæren vil ha eit særleg ansvar for å medverke til å finne løysingar.

Departementet har merka seg synet til Skjåk kommune på massedeponi. Departementet er samd i at vassdragsstyresmaktene skal støtte alternativ bruk av masse frå utbygginga, men slik bruk må vere i samsvar med dei retningslinene som går fram av NVE si innstilling.

Departementet viser elles til NVE si innstilling.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om løyve til overføring av vatn gjennom bygging av ein tunnel mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om løyve til overføring av vatn gjennom bygging av ein tunnel mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om løyve til overføring av vatn gjennom bygging av ein tunnel mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet

I

Stortinget gir sitt samtykkje til at Kongen gir
Glommens og Laagens Brukseierforening løyve til

overføring av vatn gjennom bygging av ein tunnel
mellom Breidalsvatnet og Raudalsvatnet på dei vil-
kåra som det er gjort greie for i proposisjonen.

Vedlegg 1

Forslag til vilkår for tillatelse for Glommens og Laagens Brukseierforening til å foreta overføring av Breidalsvatnet til Raudalsvatnet i Skjåk kommune, Oppland

1

(Konsesjonstid)

Konsesjonen gis på ubegrenset tid.

Vilkårene for konsesjonen kan tas opp til alminnelig revisjon etter 30 år. Hvis vilkårene blir revidert, har konsesjonæren adgang til å frasi seg konsesjon innen 3 måneder etter at han har fått underretning om de reviderte vilkår, jf. vassdragsreguleringsloven § 10, post 3, 1. ledd.

Konsesjonen kan ikke overdras.

De utførte reguleringsanlegg eller andeler i dem kan ikke avhendes, pantsettes eller gjøres til gjenstand for arrest eller utlegg uten i forbindelse med vannfall i samme vassdrag nedenfor anleggene.

Anleggene må ikke nedlegges uten statsmyndighetenes samtykke.

2

(Konsesjonsavgifter og næringsfond)

For den øking av vannkraften som innvinnes ved reguleringen for eiere av vannfall eller bruk i vassdraget skal disse betale følgende årlige avgifter: Til statens konsesjonsavgiftsfond kr 8,- pr. nat.hk. Til konsesjonsavgiftsfondet i de fylkes-, herreds- og bykommuner som Kongen bestemmer kr 24,- pr. nat.hk.

Fastsettelsen av avgiftene tas opp til ny vurdering etter tidsintervaller som loven til enhver tid bestemmer.

Økingen av vannkraften skal beregnes på grunnlag av den øking av vannføringen som reguleringen antas å ville medføre utover den vannføring som har kunnet påregnes år om annet i 350 dager av året.

Ved beregningen av økingen forutsettes det at magasinet utnyttes på en sådan måte at vannføringen i lavvannsperioden blir så jevn som mulig. Hva som i hvert enkelt tilfelle skal regnes som innvunnet øking av vannkraften avgjøres med bindende virkning av Olje- og energidepartementet.

Plikten til å betale avgiftene inntreffer etter hvert

som den innvunne vannkraft tas i bruk. Avgiften er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdsloven kap. 7.

Etter forfall påløper rente som fastsatt i medhold av lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. § 3, første ledd.

Når konsesjon er gitt, plikter konsesjonæren å innbetale til Skjåk kommune kr 2 300 000 som avsettes til næringsfond for kommunen. Konsesjonsavgiftsmidler og næringsfond danner ett og samme fond særskilt for hver kommune som etter nærmere bestemmelse av kommunestyret skal anvendes til fremme av næringslivet i kommunen. Vedtekter for fondet skal godkjennes av fylkesmannen.

3

(Kontroll med betaling av avgift m.v.)

Nærmere bestemmelse om betaling av avgifter etter post 2 og kontroll med vannforbruket og avgivelse av kraft, jf. post 19 kan med bindende virkning fastsettes av Olje- og energidepartementet.

4

(Byggefrister m.v.)

Arbeidet må påbegynnes innen 5 år fra konsesjonsdato og fullføres innen ytterligere 5 år. Under særlige omstendigheter kan fristene forlenges av Kongen. I fristene medregnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.

For hver dag noen av disse fristene oversittes uten tillatelse fra Olje- og energidepartementet, betaler konsesjonæren en mulkt til statskassen på kr 1 000,-.

5

(Erstatning til etterlatte)

Hvis noen av arbeiderne eller funksjonærene omkommer ved arbeidsulykke i anleggstiden, kan

konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av Olje- og energidepartementet pålegges å sikre eventuelle etterlatte en øyeblikkelig erstatning.

6

(Konsesjonærens ansvar ved anlegg/drift m.v.)

Konsesjonæren plikter å påse at han selv, hans kontraktører og andre som har med anleggsarbeidet og kraftverksdriften å gjøre, unngår ødeleggelse av naturforekomster, landskapsområder, forminner m.v., når dette er ønskelig av vitenskapelige eller historiske grunner eller på grunn av områdenes naturskjønnhet eller egenart. Dersom slike ødeleggelser ikke kan unngås, skal vedkommende myndighet underrettes i god tid på forhånd.

7

(Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.)

Godkjenning av planer og tilsyn med utførelse og senere vedlikehold og drift av anlegg og tiltak som omfattes av denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

Konsesjonæren plikter å legge fram for NVE detaljerte planer med nødvendige opplysninger, beregninger og kostnadsoverslag for reguleringsanleggene. Arbeidet kan ikke settes igang før planene er godkjent. Anleggene skal utføres solid, minst mulig skjemmende og skal til enhver tid holdes i full driftsmessig stand.

Konsesjonæren plikter å planlegge, utføre og vedlikeholde hoved- og hjelpeanlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultat blir best mulig.

Kommunen skal ha anledning til å uttale seg om planene for anleggsveger, massetak og plassering av overskuddsmasser.

Konsesjonæren plikter å skaffe seg varig råderett over tipper og andre områder som trenges for å gjennomføre pålegg som blir gitt i forbindelse med denne post.

Konsesjonæren plikter å foreta en forsvarlig opprydding av anleggsområdene. Oppryddingen må være ferdig senest 2 år etter at vedkommende anlegg eller del av anlegg er satt i drift.

Hjelpeanlegg kan pålegges planlagt slik at de senere blir til varig nytte for allmennheten dersom det kan skje uten uforholdsmessig utgift eller ulempe for anlegget.

Ansvar for hjelpeanlegg kan ikke overdras til andre uten NVEs samtykke.

NVE kan gi pålegg om nærmere gjennomføring av plikter i henhold til denne posten.

8

(Naturforvaltning)

I

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Direktoratet for naturforvaltning (DN)

- å sørge for at forholdene i Ottaelv er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig,
- å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak,
- å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres,
- å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

II

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Direktoratet for naturforvaltning (DN) å sørge for at forholdene for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av reguleringen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.

III

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Direktoratet for naturforvaltning (DN) å sørge for at friluftslivets bruks- og opplevelsesverdier i området som berøres direkte eller indirekte av anleggsarbeid og regulering tas vare på i størst mulig grad. Om nødvendig må det utføres kompenserende tiltak og tilretteleggingstiltak.

IV

Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Direktoratet for naturforvaltning (DN) å bekoste naturvitenskapelige undersøkelser samt friluftslivsundersøkelser i de områdene som berøres av reguleringen. Dette kan være arkiveringsundersøkelser. Konsesjonæren kan også tilpliktes å delta i fellesfinansiering av større undersøkelser som omfatter områdene som direkte eller indirekte berøres av reguleringen.

V

Fra og med det år konsesjon er gitt, plikter konsesjonæren å innbetale et årlig beløp til Skjåk kommune på kr 50 000 til opphjør av fisk/vilt/ friluftsliv. Beløpet skal justeres etter de tidsintervaller som loven til enhver tid bestemmer. Beløpet skal nyttas etter nærmere bestemmelse av kommunestyret.

VI

Konsesjonæren kan bli pålagt å dekke utgiftene til ekstra oppsyn, herunder jakt- og fiskeoppsyn i anleggstiden.

VII

Alle utgifter forbundet med kontroll og tilsyn med overholdelsen av ovenstående vilkår eller pålegg gitt med hjemmel i disse vilkår, dekkes av konsesjonæren.

9

(Automatisk fredete kulturminner)

Konsesjonæren plikter i god tid før anleggsstart å undersøke om tiltaket berører automatisk fredete kulturminner etter lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9. Viser det seg at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner, plikter konsesjonæren å søke om dispensasjon fra den automatiske fredningen etter kulturminneloven § 8 første ledd, jf. §§ 3 og 4.

Viser det seg i anleggs- eller driftsfasen at tiltaket kan være egnet til å skade, ødelegge, flytte, forandre, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredete kulturminner som hittil ikke har vært kjent, skal melding om dette sendes fylkeskommunens kulturminneforvaltning med det samme og arbeidet stanses i den utstrekning tiltaket kan berøre kulturminnet, jf. lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 8 annet ledd, jf. §§ 3 og 4.

10

(Forurensning m.v.)

Konsesjonæren plikter etter fylkesmannens nærmere bestemmelse:

- å utføre eller bekoste tiltak som i forbindelse med reguleringen er påkrevet av hensyn til forurensningsforholdene i vassdraget.

- å bekoste helt eller delvis oppfølgingsundersøkelser i berørte vassdragsavsnitt.

11

(Ferdsl m.v.)

Konsesjonæren plikter å erstatte utgifter til vedlikehold og istandsettelse av offentlige veger, bruer og kaier, hvis disse utgifter blir særlig øket ved anleggsarbeidet. I tvisttilfelle avgjøres spørsmålet om hvorvidt vilkårene for refusjonsplikten er til stede, samt erstatningens størrelse ved skjønn på konsesjonærens bekostning. Veger, bruer og kaier som konsesjonæren bygger, skal kunne benyttes av allmennheten, med mindre Olje- og energidepartementet treffer annen bestemmelse.

Konsesjonæren plikter i nødvendig utstrekning å legge om turiststier og klopper som er i jevnlig bruk og som vil bli neddemmet eller på annen måte ødelagt/utlengtjengelige.

12

(Terskler m.v.)

I de deler av vassdragene hvor inngrepene medfører vesentlige endringer i vannføring eller vannstand, kan Olje- og energidepartementet pålegge konsesjonæren å bygge terskler, foreta biotopjusterende tiltak, elvekorreksjoner, opprenskinger m.v. for å redusere skadevirkninger.

Dersom inngrepene forårsaker erosjonsskader, fare for ras eller oversvømmelse, eller øker sannsynligheten for at slike skader vil inntreffe, kan Olje- og energidepartementet pålegge konsesjonæren å bekoste sikringsarbeider eller delta med en del av utgiftene forbundet med dette.

Arbeidene skal påbegynnes straks detaljene er fastlagt og må gjennomføres så snart som mulig.

Terskelpålegget vil bygge på en samlet plan som ivaretar både private og allmenne interesser i vassdraget. Utarbeidelse av pålegget samt tilsyn med utførelse og senere vedlikehold er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med tilsynet dekkes av konsesjonæren.

13

(Rydding av reguleringssonen)

Neddemmede områder skal ryddes for trær og busker på en tilfredsstillende måte. Generelt gjelder at stubbene skal bli så korte som praktisk mulig, maksimalt 25 cm høye. Ryddingen må utføres på snøbar mark. Avfallet fjernes eller brennes.

Dersom ikke annet blir pålagt konsesjonæren, skal reguleringssonen holdes fri for trær og bus-

ker som er over 0,5 m høye. I rimelig grad kan Olje- og energidepartementet pålegge ytterligere rydding. Dersom vegetasjon over HRV dør som følge av reguleringen, skal den ryddes etter de samme retningslinjene som ellers er angitt i denne posten.

Rydding av reguleringssonen skal være gjennomført før første neddemming og bør så vidt mulig unngås lagt til yngletiden for viltet i området.

Tilsyn med overholdelsen av bestemmelsene i denne post er tillagt NVE. Utgiftene forbundet med dette dekkes av konsesjonæren.

14

(Manøvreringsreglement m.v.)

Vannslippingen skal foregå overensstemmende med et manøvreringsreglement som Kongen på forhånd fastsetter.

Viser det seg at slippingen etter dette reglement medfører skadelige virkninger av omfang for allmenne interesser, kan Kongen uten erstatning til konsesjonæren, men med plikt for denne til å erstatte mulige skadevirkninger for tredjemann, fastsette de endringer i reglementet som finnes nødvendige.

Ekspropriasjonsskjønn kan ikke påbegynnes før reglementet er fastsatt.

15

(Hydrologiske observasjoner, kart m.v.)

Konsesjonæren skal etter nærmere bestemmelse av Olje- og energidepartementet utføre de hydrologiske observasjoner som er nødvendige for å ivareta det offentliges interesser og stille det innvunne materiale til disposisjon for det offentlige.

De tillatte reguleringsgrenser markeres ved faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Kopier av alle karter som konsesjonæren måtte la oppta i anledning av anleggene, skal sendes Statens kartverk med opplysning om hvordan målingene er utført.

16

(Merking av usikker is)

De partier av isen på vann og inntaksmagasiner som mister bæreevnen på grunn av reguleringene og overføringen må merkes eller sikres etter nærmere anvisning av NVE.

17

(Etterundersøkelser)

Konsesjonæren kan pålegges å utføre og bekoste etterundersøkelser av reguleringens virkninger for berørte interesser. Undersøkelserapportene med tilhørende materiale skal stilles til rådighet for det offentlige. Olje- og energidepartementet kan treffe nærmere bestemmelser om hvilke undersøkelser som skal foretas og hvem som skal utføre dem.

18

(Militære foranstaltninger)

Ved reguleringsanleggene skal det tillates truffet militære foranstaltninger for sprengning i krigstilfelle uten at konsesjonæren har krav på godtgjørelse eller erstatning for de herav følgende ulemper eller innskrenkninger med hensyn til anleggene eller deres benyttelse. Konsesjonæren må uten godtgjørelse finne seg i den bruk av anleggene som skjer i krigsøyemed.

19

(Konsesjonskraft)

Konsesjonæren skal avstå til kommuner og fylkeskommuner som kraftanlegget ligger i, inntil 10 % av den for hvert vannfall innvunne øking av vannkraften, beregnet etter reglene i vassdragsreguleringsloven § 11 nr 1, jf § 2 tredje ledd. Avståelse og fordeling avgjøres av Olje- og energidepartementet med grunnlag i kommunenes behov til den alminnelige elektrisitetsforsyning.

Staten forbeholdes rett til inntil 5 % av kraftøkningen, beregnet som i første ledd.

Olje- og energidepartementet bestemmer hvordan kraften skal avstås og beregner effekt og energi.

Kraften tas ut i kraftstasjonens apparatanlegg for utgående ledninger eller fra konsesjonærens ledninger med leveringssikkerhet som fastkraft og brukstid ned til 5000 timer årlig. Konsesjonæren kan ikke sette seg imot at kraften tas ut fra andres ledninger og plikter i så fall å stille kraften til rådighet. Kostnadene ved omforming og overføring av kraften ved uttak andre steder enn i kraftstasjonens apparatanlegg for utgående ledninger, betales av den som tar ut kraften.

Konsesjonæren har rett til å forlange et varsel av 1 år for hver gang kraft uttas. Samtidig som uttak varsles, kan forlanges oppgitt den brukstid som ønskes benyttet og brukstidens fordeling over året. Tvist om fordelingen avgjøres av Olje- og en-

ergidepartementet. Oppsigelse av konsesjonskraft kan skje med 2 års varsel.

Prisen på kraften, referert kraftstasjonens apparatanlegg for utgående ledninger, fastsettes hvert år av Olje- og energidepartementet basert på gjennomsnittlig selvkost for et representativt antall vannkraftverk i hele landet.

Unnlater konsesjonæren å levere kraft som er betinget i denne post uten at vis major, streik eller lockout hindrer leveransen, plikter han etter Olje- og energidepartementets bestemmelse å betale til statskassen en mulkt som for hver kWh som uretelig ikke er levert, svarer til den pris pr. kWh som hvert år fastsettes av Olje- og energidepartementet, med et påslag av 100 %. Det offentlige skal være berettiget til etter Olje- og energidepartementets bestemmelse å overta driften av kraftverkene for eierens regning og risiko, dersom dette blir nødvendig for å levere den betingede kraften.

Vedtak om avståelse og fordeling av kraft kan tas opp til ny prøvelse etter 20 år fra vedtakets dato.

20

(Luftovermetning)

Konsesjonæren plikter i samråd med NVE å utforme anlegget slik at mulighetene for luftovermetning i magasiner, åpne vannveger og i avløp til elv, vann eller sjø blir minst mulig. Skulle det likevel vise seg ved anleggets senere drift at luftovermetning forekommer i skadelig omfang, kan konsesjonæren etter nærmere bestemmelse av Olje- og energidepartementet bli pålagt å bekoste tiltak for å forhindre eller redusere problemene, herunder forsøk med hel eller delvis avstengning av anlegget for å lokalisere årsaken.

21

(Kontroll med overholdelsen av vilkårene)

Konsesjonæren underkaster seg de bestemmelser som til enhver tid måtte bli truffet av Olje- og energidepartementet til kontroll med overholdelsen av de oppstilte vilkår.

Utgiftene med kontrollen erstattes det offentlige av konsesjonæren etter nærmere regler som fastsettes av Olje- og energidepartementet.

Ved overtredelse av de fastsatte bestemmelser gitt i loven eller i medhold av loven plikter konsesjonæren etter krav fra Olje- og energidepartementet å bringe forholdene i lovlig orden. Krav kan ikke fremsettes senere enn 20 år etter utløpet av det kalenderår da arbeidet ble fullført eller tiltaket trådte i virksomhet.

Gjentatte eller fortsatte overtredelser av postene 2, 4, 14, 19 og 21 kan medføre at konsesjonen trekkes tilbake i samsvar med bestemmelsene i vassdragsreguleringsloven § 12, post 21.

For overtredelse av bestemmelsene i konsesjonen eller andre i loven eller i medhold av loven fastsatte bestemmelser, kan Olje- og energidepartementet fastsette en tvangsmulkt på inntil kr 100 000 pr. dag til forholdet er brakt i orden, eller inntil kr 500 000 for hver overtredelse, såfremt det ikke er fastsatt annen straff for overtredelse av vilkåret. Pålegg om mulkt er tvangsgrunnlag for utlegg. Olje- og energidepartementet kan justere beløpene hvert 5. år

22

(Tinglysing)

Konsesjonen skal tinglyses i de rettskretser hvor anleggene ligger. Olje- og energidepartementet kan bestemme at et utdrag av konsesjonen skal tinglyses som heftelse på de eiendommer eller bruk i vassdraget for hvilke reguleringene kan medføre forpliktelser.

Vedlegg 2

Forslag til manøvreringsreglement for regulering av Breidalsvatnet og Raudalsvatnet i Øvre Otta-vassdraget, Skjåk kommune, Oppland fylke

(erstatter reglement gitt ved Kgl.res. 20.08.1948)

1. Reguleringer

Magasin	Naturlig vannst. kote	Reg.grenser		Oppd. m	Senkn. m	Reg. høyde m
		Øvre kote	Nedre kote			
Breidalsvatn	898,39	900,39	887,39	2,0	11,0	13,0
Raudalsvatn	889,00	912,80	882,50	23,8	6,5	30,3

Høydene refererer seg til SKs høydesystem (NN 1954).

Reguleringsgrensene skal markeres med faste og tydelige vannstandsmerker som det offentlige godkjenner.

Minstevannføring

Følgende minstevannføringer slippes hele året fra:

Breidalsvatn	0,30 m ³ /s
Raudalsvatn	0,35 m ³ /s

Overføringer

Avløpet fra Breidalsvatnet overføres til Raudalsvatnet.

Pumping

Vann fra Breidalsvatnet pumpes til Raudalsvatnet når det ikke kan overføres ved naturlig gravitasjon.

2.

Ved manøvreringen skal det tas for øyet at vassdragets naturlige flomvannføring nedenfor magasinene og overføringsstedene såvidt mulig ikke økes.

Ved manøvrering skal det legges vekt på rask oppfylling til kote 899,39 i Breidalsvatnet.

Vannstanden skal ikke senkes under kote 899,39 før 15. oktober.

Forøvrig kan tappingen skje etter kraftverkseiers behov.

3.


Det skal påses at flomløp og tappeløp ikke hindres av is eller lignende og at reguleringsanleggene til enhver tid er i god stand. Det føres protokoll over manøvreringen og avleste vannstander. Dersom det forlanges, skal også nedbørmengder, temperaturer, snødybde m.v. observeres og noteres. NVE kan forlange å få tilsendt utskrift av protokollen som regulanten plikter å oppbevare for hele reguleringsperioden.

4.


Viser det seg at slippingen etter dette reglementet medfører skadelige virkninger av omfang for allmenne interesser, kan Kongen uten erstatning til konsesjonæren, men med plikt for denne til å erstatte mulige skadevirkninger for tredjemann, fastsette de endringer i reglementet som finnes nødvendige.

Forandringer i reglementet kan bare foretas av Kongen etter at de interesserte har hatt anledning til å uttale seg.

Mulig tvist om forståelsen av dette reglementet avgjøres av Olje- og energidepartementet.

Vedlegg 3**Oversiktskart over området**

Figur 3.1

Vedlegg 4**Oversiktskart over Glomma og Lågens nedbørsfelt**

Figur 4.1

